

HYRDTINGEN

NR. 5

Oktober 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Speidarane på landsleir i Asker



Sideoversikt

Kateketen har ordet	2	Speidarane på landsleir i Asker	4	Haustmarknad ga 70.000	8
Budsjettmøte i Fellesrådet	2	Bidrar i lokalmiljøet	5	Feedback 25 år	8
Redaksjonspennen	3	Avhengig av frivillige medarbeidarar..	5	Vepro tilbyr stell av gravsteder	8
Nyttilsette medarbeidarar.....	3	Portrettet: Johannes Skrunes	6	Gudstenester og møter	10
		Jubilantar	7	Barnas side	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,

Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00

Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedrelid@

vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Adnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,

5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes

Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrjekontor,

Kyrkjevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Norodd Stavenjord

Mobil: 97 76 57 18

Prostiprest Einar Andreassen:

Mobil: 971 08 788

Kyrkjeveerja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Ottar Krakk

Kateketen har Ordet

Kateket Britt Karstensen



“Eg er glad i Jesus, eg!”

Utsegna kom frå ein gut i fire- femårs-
alderen. Han var på besøk i kyrkja i lag
med barnehagen. Me hadde i grunnen ik-
kje snakka noko særleg om Jesus – borna
var der mest for å bli kjend med kyrkje-
bygget og kva me bruker det til. No stod
guten og såg på altertavla. Bilete tala til
han og kommentaren hans var spontan.

Eg har ofte tenkt på denne hendinga
som skjedde for ein del år sidan.

Me vaksne er så opptatt av ord, dei rette
orda, dei velformulerte orda, dei avanserte
orda, dei Bibeltru orda, dei Heilage orda,
orda som nokon gonger er vanskelege å
forstå. Borna har ofte ein vidare horisont
og sansar med heile seg. Eg tenkjer at me
vaksne har noko å lære av dei. Me må øve
oss i å sjå og sanse Gud med heile oss, alle
plassar, og ikkje være så avhengige av orda.

Me vaksne er også opptatt av korleis
andre oppfattar oss. Korleis blir det me
seier tolka? Kva vil dei tru om meg der-
som eg...? Guten var spontan i si enkle
 kjærleikserklæring til Jesus. Han virka
totalt uinteressert i kva andre måtte tru og
meine om det han sa. Kor mange filter må
forserast før me kan tillate oss å seie noko
viktig og personleg om trua vår?

Dessutan tenkjer eg at hendinga er ein
liten korreks til fordommane våre.

Eg måtte nemleg ta meg sjølv i å bli litt
overraska over at kommentaren kom frå
akkurat denne guten. Eg visste kven fami-

lien hans var. Han har flotte foreldre som
bryr seg og følgjer opp, men det var ikkje
ein familie ein skal skylda for å slite ned
verken kyrkjebenker eller bedehusstolar.
Dei flagga ikkje ein identitet med tilhørsle
til kristne forsamlingar. Likevel kom gu-
ten med ei oppriktig kjærleikserklæring til
Jesus denne formiddagen i kyrkja.

Kvifor er me så raske til å setje andre i
bås? Kvifor må me absolutt kategorisere
folk og meine så mykje om kva dei even-
tuelt trur på? Dette slår i alle retningar og
gjeld oss alle, uansett kva ståstad me har
når me møter andre menneske. Mange, in-
kludert meg sjølv, har nok kjent på ubehag
når andre tydelegvis “veit” mykje om kva
ein meiner og trur, basert på dei ytre ram-
mene, slikt som yrke, bustad, sivilstand,
slekt og vener.

Så la oss ta lærdom av den vesle guten
(Les gjerne Matt 18,1-5).

La oss være opne for å møte Gud i man-
ge kanalar. Ha litt færre sperrer mot å seie
noko om kva som er viktig for oss: Og ik-
kje la fordommane våre ta styring og hin-
dre gode ting i å skje!

*Guten stod andektig i korttrappa og såg
alvorleg på altarbildet. “Eg er glad i Je-
sus, eg!” Sa han sånn halvveis til meg og
andre som måtte høyre det. “Eg og!” Sva-
ra eg og fekk eit strålende smil tilbake. Me
eigde ein skatt i lag, eg og han - ein skatt
me gjerne deler med andre!*

Budsjettmøte i Fellesrådet

Av Steinar Skartland

**Vindafjord kyrkjelege Fellesråd ved-
tok samrøystes framlegget til budsjett
for 2015, der dei søker kommunen om
eit tilskott på kr 5,99 mill.**

I dette er det teke omsyn til lønsoppge-
ret og forventa lønsutvikling i 2015. Mid-
lar til trusopplæring er også innarbeida
i framlegget. Sokneråda sine framlegg

til tiltak på kyrkjebygga, saman med ut-
arbeidde tilstandsrapportar, vil i det alt
vesentlege kunna bli dekkja over avsette
midlar til vedlikehald med 1 mill. kr. pr. år
i inneverande økonomiplanperiode, skriv
kyrkjeveerja i saka. Dette er fellesløyvin-
gar til både kyrkje og kyrkjegardar.

Utanom gjeldande ramme søker felles-
rådet om midlar til to tiltak: 1,2 mill. kr til
orgelvedlikehald i Vikedal og kr 50.000 til
gjerdje på Imsland kyrkjegard.



Av Steinar Skartland

Då eg vaks opp var bibelsoga og kristendom eit fast fag på alle klassetrinna i skulen. Vi fekk lære både kristendommens historie og korleis den hadde vore med og forma vår kultur og endå til våre lover og tenkjemåtar. Salmar og songar fekk vi også lære. Det er ikkje slik lengre. Nå er det kyrkja sjølv som har ballen. Som må syta for planar og tiltak som kan bidra til at kunnskapen om Kristus og det kyrkja står for, vert formidla. I tillegg til prestar og kateket så har vi nå fått statlege midlar til hjelp i dette arbeidet.

Vi er mange bygder og kyrkjer. Difor er det flott at kyrkja har tilsett tre medarbeidarar i deltidstillingar. Desse skal vera med og leggja tilrettes for trusopplæring for alle som veks opp, saman med dei frivillige medarbeidarane.

Storparten av familiane i Vindafjord ber borna til dåpen i kyrkja. Dei seier ja til at borna skal "oppsedast i kristen forsaking og tru". Saman med kyrkjelyden får foreldre og fadrar del i eit ansvar: Å be for barnet, lære det sjølv å be, og å hjelpe det til å bruke Guds ord og Herrens nattverd. I praksis kan dette tyde å be kveldsbøn med dei, lese bibelforteljingar, og ta dei med til søndagsskule eller liknande. Kyrkja i Vindafjord, saman med organisasjonane, legg til rette tilbod som er til hjelp med nettopp dette.

Vi ynskjer dei nye medarbeidarane velkommen i tenesta.

Av Steinar Skartland

Kyrkja i Vindafjord har venta i fleire år på statlege midlar til den lokale trusopplæringa. I nr 4 av Hyrdingen vart det informert om midlane som nå er komne. Denne gongen vi har her gleder av å kunna presentera tre nye medarbeidarar som er tilsette. Det er ikkje første gongen dei tre kvinnene er å finna i denne tenesta. Dei siste eitt-to åra har dei alle vore aktive i dette arbeidet.

Lillian Irene Berget Eikeland

41 år, tilsett i: 20% stilling
Gift, mor til fire (5-16). Bur i Vikedal.
Lillian Eikeland er fire-barnsmor og gardakjærring frå Vikedalsdalen. Utdanna agronom og førskulelærer. Jobbar som pedagogisk leiar i Vindafjord kommune og no også som trusopplærer i kyrkja, hovudsakleg med dei yngste borna under 10 år. Ho har kontor plass på det nye prestekontoret i Vikedal. Lillian vert nok mest å sjå i dei indre bygdene, men dryppar nok innom andre plasser og.
- Det blir nok litt teoretisk planskriving på meg, sidan vi no skal til å laga lokale planar for trusopplæringa, fortel ho og held fram: - Eg har eit hjarta som brenn for å få Guds omsorg og kjærleik ut til den oppveksande slekt og inn i fellesskapa våre. Det er Gud som skapte glede! Dessutan har eg vel aldri heilt forstått at leik og moro kun er forbeholdt borna :-). Lillian var også litt i stillinga i fjor, som trusopplæringsmedarbeider, og året før litt på time basis.



Berit Stople

48 år, tilsett i: 25% stilling
Gift, mor til fire, som nå er vaksne.
Bur i Sandeid.
Berit er opphavelag frå Hommersåk ved Sandnes, men har budd 26 år i Sandeid nå. - For veldig lenge sidan var eg tilsett som kyrkjelydsarbeidar i Vikedal prestegjeld. Då dreiv eg mellom anna barnekor i Sandeid og Vikedal, fortel Berit. Ho er utdanna førskulelærer. Nå er ho

fostermor og har vore engasjert i kyrkja sit arbeid med trusopplæring i to år.
- I den tida har eg vore innom arbeid i alle kyrkjene i kommunen, fortel ho.



Berit, som starta i stillinga i august, skal ha kontor plass på rådhuset, saman med soknepresten i Ølen. Spesielt ser ho fram til å jobba med dei yngste borna, mellom anna med babysong og 4-åringane. Arbeidet skal byggjast opp steg for steg og utviklast etter kvart. Dette gled ho seg til å få vera med på.

Else Gurine Alne Stople

37 år, tilsett i 20% stilling.
Gift, mor til tre born (4-13 år).
Bur i Skjold.
Else Gurine er engasjert i søndagsskulearbeid og er leiar i søndagsskulekrinsen. Ho er utdanna sjukepleiar og har tidlegare arbeida på Vindafjordtunet. Nå er det arbeidet på garden dei driv, med ku, gris og sau, som fyller tida i tillegg til familie, søndagsskule og å vera kyrkja sin trusopplæringsmedarbeidar. Else Gurine vaks opp i Ølensvåg, så ho er godt kjend i bygdene her. Nå får ho kontor plass i Skjold kyrkje.

- Eg er tilsett for å vera med å administrera trusopplærings tiltaka, fortel ho.
- Men me er heilt avhengige av dei frivillige som driv arbeidet. Me skal ikkje erstatta dei.



Ho vonar å få jobba mest med tiltak for 3-12 års gruppene i området Skjold, Vikebygd og Vats, men det er Britt Karstensen som administrerer dei. - Det er eit kjempeviktig arbeid, fortel Else Gurine. - Nå er det mindre kristendom på andre arenaer og vi har ei viktig oppgave i å formidle trua til born og ungdom.





Gutane har laga til lunch.

Speidarane på landsleir i Asker

Av Sigbjørn, Iselin og Else

Skjold, Vikebygd og Vats var på landsleiren ASKER 2014 i august, der 5600 store og mindre speidarar var med. Frå Skjold deltok 29 speidarar og leiarar. Frå Vikebygd var dei 21 og frå Vats deltok 15. Tilsaman 65. Det var ein kjempekjekke leir der me fekk mange gode opplevingar TETT PÅ kvarandre, TETT PÅ naturen og TETT PÅ Gud.

Me bygde leiren i regn, men etterkvart kom sola fram All våre vandrarar gjekk på HIKE, ein tur i ukjent terreng med lite utstyr og utan telt.

For nokre var nok leirlivet travelt, Alle skulle vera påkledd til flaggheis kl. 08.00, frukost, middag på bål, oppvask, ferdig til bibeltimar, konkurransar og leirbål. Plutselig dukka det opp ein in-

spektør som skulle sjekka om alt var på stell... Dei fleste fekk nye venner frå inn- og utland og ønskte ikkje å reisa heim.

Sjølv om dette var ein landsleir på austlandet, gjorde mange leiarar frå bygdene våre ein stor innsats før, under og etter leiren. Me hadde folk med ansvar for hovudleirbåla, teknisk med strøm, scene, datatrafikk og sanitær. Takk til alle for ei god oppleving!



Jentepatrulja klar for hike.



Gruppeleirbål og kakaokoking.



Mange av speidarane var aktive i bygging av vår eigen inngangsportal! F.v: Per Øyvind Valen, Martin Valen, Birge Nagel Alne, Johannes Helgesen (Vikebygd)



Even Larsen og Joakim Koltveit frå Vikebygd hentar mat til gruppa.



Kjekt på bibeltime.

Bidrar i lokalmiljøet



Av Helge Johan Stautland

I år er rundt 50 ungdommar frå Lundeneset engasjert i kristent barne- og ungdomsarbeid nærområda til Lundeneset.

- Dette betyr utruleg mykje for det lokale arbeidet. Eit stort problem for mange er at det mange stader er få personar å dela det viktige arbeidet på. Derfor er teamarbeidet som elevane på Lundeneset viktige for desse områda, seier John Magnus Høyvik.

John Magnus har tittelen teamkoordinator, og er tilsett av NLM region sørvest. Hovudansvaret hans er å følgja opp arbeidet som Lundenes-elevane er med på, i tillegg til å støtta og oppmuntra.

- Det er fantastisk å få vera med på dette. Elevane hjelper til i lag som al-

lereie er starta av lokale krefter. Det er inspirerende å sjå at ungdommar set av tid til dette.

Fengsel og klubb

Arbeidet er hovudsakleg barne- og ungdomsarbeid, men eitt av teama reiser til fengselet i Sandeid éin gong i månaden.

Tredjeklasselev Cathrine Håvarstein er med i dette teamet. I fengselet har dei blant anna samlingar med song, vitnesbyrd, mat og aktivitetar.

- Det verkar veldig spennande å vera med på dette, fortel Cathrine.

Teamet til VG1-elevane Sara Bjørheim og Mathilde B. Mong medverkar og hjelper til på Fredagsklubben i Etne for 1-7.-klassingar. Dei har allereie vore der éin gong.

- Det var kjekt, seier jentene.

Stor respekt for det lokale arbeidet

- Bygdene Ølensvåg, Ølen, Bjoa, Etne, Sandeid, Vikedal og Sauda er plassar me har planar om sende team til i år. Så håpar me at nokre av dei òg har lyst til å vera med på møte og medverke med song eller eit ord, seier John Magnus

Det er eit stort spekter i oppgåvetypane elevane får når dei reiser rundt. Mange ønskjer hjelp til aktivitetar, medan andre stader er behovet hjelp til andakt og song. Somme stader er teknisk interesse og kunnskap gull verd, medan nokre av dei som har førarkort er sjåførar for teama.

- Gjennom denne jobben har eg fått stor respekt for menneske som står på i det lokale arbeidet. Dei legg verkeleg sjela si i barne- og ungdomsarbeid. Det er flott at Lundeneset kan vera til velsigning, avsluttar John Magnus.

Avhengig av frivillige medarbeidarar

Av Steinar Skartland

Nå er dei i gong rundt bygdene. Baby-song, barnekor, søndagsskule, Ungdomsklubb, speidar og anna arbeid som vert drive av entusiastiske vaksne. Dei vil bera vår kristne kulturarv og tru vidare til nye generasjonar, slik dei som døyper borna sine lovar å gjera. Dei vil gje sunne og gode tilbod til ei oppvekssande slekt. Kyrkja i Vindafjord har mot-

teke statlege midlar til å sikre eit godt trusopplæringsarbeid. Men det meste av arbeidet og opplæringa skal det framleis vera dei mange frivillige medarbeidarane som står for. Nå skal dei få hjelp og støtte gjennom kyrkja sine tilsette slik at endå fleire får vera med, i samordna tiltak frå vogge til vaksen. På bildet her er det Kjersti Hausberg Bjerga i Vikebygd Laurdagsklubb som fortel om David og Goliat, slik det er fortald i bibelen.



PORTRETET

Johannes Skrunes

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

Det er sommar og varmt i veret då Hyrdingen tek seg ein tur innom Johannes Skrunes for å slå av ein prat. Johannes er ein sprek kar som har runda dei 95, og han er på god veg til 96. Han har med eit par unntak budd heile livet på Skrunes i Nedre Vats, rett nok ikkje i same huset, men på garden.

Oppvekst og ungdomstid

Johannes var den nest yngste i ein syskenflokk på 11. Han gjekk på skulen på det gamle skulehuset på Kårhus, og det vart med denne skulegonga. 11 år gamal mista han far sin, og Johannes måtte tidleg vera med i arbeidet på garden. Mykje fall på han ettersom dei eldre syskena flytta ut i tur og orden for å ta seg arbeid rundt omkring. "Ja, eg var ikkje myndig ein gong (21 år) då eg fekk papira på garden," fortel Johannes.

I 1938 – 39 var han dreng på Tjeltveit. Han hugsar han starta med kr. 35,- i månadsløn, og det var mykje tungt arbeid. Ein god del av tida var han med på vedhogst. Han har eit spesielt minne frå denne tida, og me let han fortelja: "Eg hadde vore med og hogd famnaved utover hausten og vinteren, og veden vart lødd opp i la langs kanten av elva for å flåst ned til Stokkasjøen om våren. Då våren kom og flåtinga tok til, tok eg nedi kanten av elvebreidda for å løysa opp i nokre vedskier som hadde sett seg fast. Dette skulle eg ikkje ha gjort for det viste seg at det låg ein orm i graskanten, og eg vart stukken i handa. I full fart måtte eg opp til Tjeltveit etter sykkel, og eg kom meg ned til Åmsosen til Kornelius Hatteland som hadde bil, og han køyrde meg til doktorskontoret i Skjold. Eg fekk motgift, men armen såg hoven og fæl ut langt opp til aksla, og eg var maroder i lang tid, men eg fekk ikkje noko mein av dette."

Kristent lagsarbeid

Før krigen var Johannes med i det fri-lyndte ungdomslaget, og han var med på ungdomshuset når ungdomane samlast. Men han fann ikkje plassen sin her, og under krigen vart han ein kristen og kom



med i det kristne ungdomsarbeidet, som i dei tider var leia av Gustav Sannes. Her la Johannes ned mykje arbeid, ikkje nett i form av styreverv, men i praktisk arbeid i tilskipingar og dugnadsarbeid, og laget hadde god oppslutning i bygda i etterkrigstida.

I 1948 gifta han seg og stifta familie, men han heldt fram med å engasjera seg på bedehuset. Då det nye bedehuset på Kårhus (den gamle skulen) skulle setjast i stand og pussast opp, vart det mykje dugnadsarbeid på Johannes.

Soknerådsarbeid og sølvskei

Også i kyrkjeleg samanheng har Johannes sett spor etter seg. Han var med i soknerådet i fleire periodar utover på 1960 – talet og fram til 1975. Også her var det praktisk arbeid og dugnadsarbeid som var hans styrke. At innsatsen var stor er ikkje vanskeleg å forstå, for *då han slutta i 1975, vart han tildelt ei sølvskei for soknerådsarbeidet*, og dette har ikkje vore vanleg i bygdene. Dåverande sokneprest, Per Kristian Hansen, ville ha

han til å fortsetja, men då hadde Johannes teke mot jobben som kyrkjjetenar, og dermed fekk det vera med det.

Sprek 95-åring

Johannes har hatt ei god helse, og han har vore ein trufast kyrkje- og bedehusgjengar. Garden er for lengst overtatt av sonen, og i dag er det sonesonen som driv denne. For fire år sidan døydde kona hans, og dette var eit hardt slag for han. Husarbeidet var det ho som hadde stått for, men tidlegare hadde ho vore sjuk nokre år slik at Johannes måtte ta over. I dag steller han seg sjølv og får litt hjelp eit par dagar i veka. Han køyrer bil, og slik kjem han seg fram til både butikk, kyrkje og bedehus. Trua på frelsaren står sterkt hjå Johannes, og då Hyrdingen spør om det er noko spesielt bibelvers som betyr mykje for han, viser han til Johs. 3,16 (Den vesle Bibelen) "For så elska Gud verda at han gav son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." Desse orda har Johannes fått kvila i.

JUBILANTAR



Gullkonfirmantane frå Imsland

Fv: Anne Bergitte Salte, Jan Helge Kvaløy, Laura Sofie Seltveit, Solveig Aske og Judith Hustveit.



50-års konfirmanter Ølen kyrkje. Det var 28 som vart konfirmert i Ølen kyrkje i 1964; like mange gutar som jenter. Dette var siste kullet til presten Våge.

1.rekke (på golvet): Johannes Nedrelid, Borgny Ottøy Olsen Brynhild Frønsdal Rusten, Aud Marit Skålnes Waage, Anny Berge, Kjellaug Steinsland Skåla, Olaug Margrete Strand Hagevold. 2.rekke (damer): Marit Hårde Wee, Kari Årekol Kyvik, Anne Grete Karlsen, Gerd Marit Handeland Selvåg, Marta Oline Vågen Medhus. 3. rekke (menn) fv: Leif Ørke, Anders Haugland, Ingvald Tofte, Otto Magne Aalmo, Torgeir Klungland, Magne Kristian Haugland.

60-års konfirmanter Ølen kyrkje. I 1954 var det 25 konfirmanter i Ølen, av desse var 14 jenter og 11 gutar. Konfirmanter i 1954 var det første kullet som "gjeikk for presten" i Ølen kyrkje. Presten Våge var sokneprest. Fv.: Johannes Nedrelid, Tordis Kristine Viland Olsen, Peder Mosdal, Peder Bernhard Vågen, Ole Kjell Lothe, Ingebjørg Helene Berge



Gullkonfirmanterane frå Skjold. Framme frå venstre: Inger Lise Tørresdal, Olga Våg, Aud Torunn Eikevik Hobberstad, Halldis Eidhammer f.Strand, Marit Breivik, Oslaug Håkull, Jorunn Vestre, Ragna Kirketeig f.Sandvik, Else Skjold f.Alvseike. Midtre rekkje f.v.: Nils-Berge Sundfør, Målfrid Wierdal f. Fjeldheim, Henny Mellingen f.Frøyland, Vigdis Irene Huseby f.Amundsen, Aslaug Dommersnes f.Dybdahl, Tone Kringeland, Nancy Eikeland Kringlebotten, Øystein Kalstveit. Bakre rekkje f.v.: Jan Haraldseid, Malvin Dybdahl, Harald Egge, Arnold Handeland, Einar Rugtveit, Kjell Skogen, Malvin Langeland, Hans Kristian Dahl, Leiv Seglem, Sverre Susort, Edvin Svendsen. Ikkje med på bilde men også konfirmert 1964: Helga Dahl f.Breivik, Olav Steinnes, Torggrim Rabben, Egil Havsgård, Torunn Lindøe f.Hjellset, Inger Lise Præsttun f.Aursland, Alise Skottheim f.Velde, Helga Barane f.Budeng, Ole Johan Langeland, Steinar Lofthus, Sverre Berge Aursland, Jan Hammer, Arne Jacobsen (død)

Haustmarknad ga 70.000

Foreininga som arbeider for å skaffa midlar til nytt bedehus/soknehus i Vats takkar for eit flott resultat.

Laurdag 27. september yrte det av folk i gymsalen på skulen. Barnekoret opna med frisk song. Så var det berre å kjøpa lopper, varme potetkaker, lefser og anna heimebakst, syltetøy, eple, poteter og planter. I tillegg var det mange fine husflidting for sal. I kaféen var det kaffi og gode kaker, og godt smaka dei nysteikte vaflane!

Som siste del av marknaden vart auksjonen sett i gang. Mange takk til auksjonarius Bjarne Hjelvik! Mykje skulle gjerast klart på førehand, og ein stor dugnadsgjeng gjorde ein kjempejobb på ulik vis både på fredagskvelden og marknadsdagen.

Tusen, takk til alle frivillige!

Takk til alle som kom! Også takk til



HIM som dekkar annonsekostnadene! Oppteljinga viste at ca. 70 000 kr kunne setjast inn på konto, veldig flott!

Ynskjer du å støtte prosjektet kan du overføre pengar til konto **3330 24 11242**. Vil du verta fast gjevar, ta kontakt med Jostein Sørhus på tlf. 909 88 835.

Dei som tippar, kan gje støtte via

Grasrottdelen. Då må du registrera dette organisasjonsnr.: **NO 911 818 744** på tippekortet ditt.

På ettermiddagen/våren blir det basar! Ein av gevinstane der er ferdig brodert forkle, sjal, lomme og lue til Rogalandsbunad.

Foreininga

Feedback 25 år

I år har ungdomsklubben Feedback 25-årsjubileum, og i den forbindelse blir det arrangert jubileumsfest på Ølen kulturhus laurdag 15. nov. kl.18:00.

Jubileumsfesten er for alle som har vore meir eller mindre aktive i klubben i løpet av dei siste 25 år. Festen vil blant anna innehalda god mat, underhaldning, mimring og ikkje minst ein opptraden med eit jubileumskor som skal synga gamle og nye songar! Påmelding

er naudsynt- ynskjer du å koma, ta kontakt med Ingebjørg Susort Vælde (913 88 340) eller Eirik Stople (984 84 672) innan 1.nov. Festen kostar 350,- kr. For meir informasjon, ta kontakt med ein av dei ovanfor, gå inn på www.feedbackhuset.no eller besøk jubileumsfesten si side på Facebook (Feedback 25års-jubileum).

Komiteen gler seg til jubileumsfest!
Komiteen for Feedback sitt 25-årsjubileum v/Iselin Eidhammer Tveit



“Feedback har vore ein trygg stad der ungdommar frå fleire bygdar har samlast i 25 år. No inviterer klubben til jubileumsfest”.

Tysvær Vepro tilbyr stell av gravsteder

Av Nils Bernt Stråtveit

Tysvær Vepro er en kommunal selskapsbedrift som gir mulighet for tilrettelagt arbeid for sine arbeidstakere. Hovedmålet er å gi den enkelte arbeidstaker økt livskvalitet i en meningsfull arbeidsdag med ulike arbeidsoppgaver.

Vi driver med mange ulike arbeidsaktiviteter og kan nå blant annet tilby gravstell. Andre tjenester vi gjør er produksjon av ved og tenneved for salg. Vi

driver også en liten brukt butikk, har et snekkerverksted, mattevaskeri, dekkskift, plenslått i tillegg gjør vi andre oppgaver for Tysvær kommune.

Gravstell er en ny tjeneste som Tysvær Vepro tilbyr i hele Tysvær kommune og foreløpig noen plasser i Vindafjord kommune. Vi har nå inngått avtale med kirkevergen i Vindafjord og steller en del graver i Bjoa. I Vindafjord kommune vil vi foreløpig kunne tilby denne tjenesten på kirkegårdene i Skjold, Vikebygd, Bjoa, Ølen og Vats. Vi håper på sikt å kunne tilby denne tjenesten andre plasser i Vin-

dafjord også. Vi har to typer stelleavtaler. En «vår/sommeravtale» og en «Helårsavtale». En forutsetning for å lage en stelleavtale er at det nedsettes en selv vanningsplantekasse på gravstedet som det betales en engangs sum for. Deretter vil vi plante i kassen ut ifra hvilken avtale man har inngått. Vi kan etter å ha plantet på gravplassen ta bilde og sende dette til de som ønsker det på mobiltelefonen.

Har du noen spørsmål eller ønsker deg en gravstellavtale kan du ta kontakt med: Mirjam Fjeldheim-Berge på telefon 932 16 679/52 75 88 60

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knapphus Bil



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no




Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

24.08. Ragnhild Eintveit Moldestad
24.08. Nelly Eline Eide
14.09. Jenny Gilje
14.09. Even Nesheim
14.09. Emma Nesheim

IMSLAND

Døpte: 31.08. Anja Hustveit Høiland

SANDEID

Døde: 02.09. Åsmund Kaldheim f. 1926
03.09. Berta Kaldheim f. 1927

SKJOLD

Døpte:

24.08. Eleah Vestre Strand
24.08. Elvira Lovise Nesheim Ramsvik
21.09. Samuel Strømme
21.09. Jonatan Strømme
05.10. Tuva Strand

05.10. Even Frøyland Halleland

Døde: 25.08. Rigmor Skogen Pents f. 1935

VATS

Døpte:

31.08. Ingrid Vassnes
31.08. Magnus Eidhammer Vårvik
12.10. Liva Steinnes
12.10. Astrid Lærdal

12.10. Berit Garatun Helle

Døde: 21.09. Sigrun Tveit f. 1921

Vigde i sjømannskyrkja i Stockholm:

01.03. Camilla Torland Velde og Harald Velde

VIKEBYGD

Døpte:

17.08. Johannes Owe Ersland
07.09. Alma Sørvåg Grønsveen

Døde:

24.08. Georg Jordal f. 1923
14.09. Jorunn Byklum Bjordal f. 1931
18.09. Karine Sigrun Egge f. 1922

Ølen Kyrkje

Døpte:

31.08. Adelen Vinjerui Vaka
31.08. Tobias Klungtveit-Andersen
31.08. Andrea Carnerö
14.09. Anders Susegg Berge
21.09. Magne Stakkestad
12.10. Milian Jansen
12.10. Anniken Midtgård Espevoll
12.10. Hanna Jondahl

Døde:

14.09. Henry Gustav Hovland f. 1928
18.09. Endre Gerhard Heggen f. 1920
01.10. Endre Lunde f. 1929

Vigde:

02.08. Andrea Klungland og Roald Litlehamar
30.08. Cathrine Bratlund og Arthur Henning Hustveit
30.08. Debora Steging og Johannes Malvin Hustveit
11.10. Amalie Lisell Lendl og Dag Olav Berge

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
26. oktober Bots- og bønndag Luk 13,22-30	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste. Dåp Takkoffer: Norsk Gideon Konfirmantane tek del.	Vats kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste Dåp Takkoffer: Sjømannskyrkja	Ølen kyrkje kl. 19.00 Nattverd. Takkoffer: Åpne dører
1. november Laurdag			Ølen kyrkje kl. 16.00 Minnegudsteneste Takkoffer Diakoni
2. november Allehelgensdag Matt 5,1-12	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattv. Minnedag Takkoffer: Diakoniarbeidet Konfirmantane tek del.	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Minnedag. Takkoffer: Modum Bad/ Inst.for sjelesorg Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverd. Minnedag Takkoffer: Kirkens SOS	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjektet Gjestetalar frå felles-aksjonen i Ølen
7. november Fredag			Ølen kyrkje kl. 21.30 Ungdomsgudsteneste. Takkoffer: Misjons-prosjekt Lundenesruss
9. november 22. s. i treeiningstida Matt 12,33-37	Sandeid kyrkje kl. 16.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: NMS Gjestepredikant Roar Vik	Vikebygd kyrkje kl. 11.00 Fam.gudsteneste 4-årsboka. Takkoffer: Norsk Søndagsskuleforbund	
16. november 23. s. i treeiningstida Mark 10,28-31	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Vats kyrkje kl. 11.00 Speidargudsteneste Takkoffer: Speidararb.Vats	Ølen kyrkje kl. 11.00 Dåp. Takkoffer: Evangeliesentrene
23. november Domssundag/Kristi kongedag Matt 25,31-46	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Sambolabo Konfirmantane tek del.	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	Ølen, ingen gudsteneste her
30. november 1. s. i adv. Luk. 4,16-22a eller Luk.1,76-79	Sandeid kl. 17.00 Lysmesse Konf. tek del Takkoffer: Konf.arbeidet Utd. av Konf.bibel til 5.klasse	Vats kyrkje kl. 11.00 Lys vaken 5.klasse/ Søndagsskule Takkoffer: Gå ut-senteret Skjold kyrkje kl. 17.00 Lysmesse. 5.klasse/konfirm. Takkoffer: B&u.arb./korpset	Ølen kyrkje kl. 11.00 Lys våken Biblar 5. klasse Takkoffer: Kyrkjelydens sitt misjonsprosjekt
7. desember 2. s. i advent 1.Kor.15,50-57 eller Luk.1,76-79	Vikedal kyrkje kl. 17.00 Lysmesse Konf. tek del Takkoffer: Kyrkjelyds pedagogstillinga. Utd. av Konf.bibel til 5.klas.	Vikebygd kyrkje kl. 19.00 Lysmesse Konfirmantar/speidarar Takkoffer: Norges KFUK/M- speidarar	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Familie gudsteneste Biblar til 5. klasse Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord

MØTEPLAN FOR INNBJOA BEDEHUS

BARNEKORET 4 år og oppover	MINI-CREDO 2.-4. kl Tirsdag Kl. 17:30–19:00	CREDO *) 5.-8.kl Fredag Kl. 17:30–19:00	BØNNEMØTE Onsdag Kl. 18:15	FORMIDDAGS- TREFF Fredag Kl. 10:30–12:00	ONSDAGSMØTE Onsdag Kl. 19:30
Bjoa barnekor onsdag kl. 17:00-18:00 på Innbjoa bedehus.	28.10.14 11.11.14 25.11.14 09.12.14	31.10.14 Filmkveld 07.11.14 21.11.14 05.12.14 **)	26.11.14 10.12.14	24.10.14 21.11.14 19.12.14	19.11.14 03.12.14

*) Credo er på Bjoa skule. Filmkveldane er på Innbjoa bedehus. **) 28.11.14 vert det Filmkveld for 8.-10. klasse på Innbjoa bedehus kl. 19.00.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke
med når livet er som verst
SOS-Chat:
www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
815 33 300

Neste nr av Hyrdingen
kjem ut 4. desember
Frist for innlevering av
stoff er 8. november.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Bedehusa i Skjold

Dato	Dag	Stad	Aktivitet
23.10.	torsd	Ersland	Bønemøte
27.10.	månd	Ersland	Yngres kl 19:00
28.10.	tysd	Austrheim	Kr. Muslimmisjon
29.10.	onsd	Kyrkja	Tripp-Trapp 10:30-12:00
30.10.	torsd	Kyrkja	Babysong 10:30 – 12:00
30.10.	torsd	Kyrkja	Barnakor 17:00-17:45
30.10.	torsd	Kyrkja	Ta vare på deg sjølv.
4.11.	tysd	Isvik	Indre Sjømannsmisjon
6.11.	torsd	Kyrkja	Babysong 10:30 – 12:00
6.11.	torsd	Ersland	Bønemøte
8.11.	laurd	Austrheim	Lørdagssprell 15:30
10.11.	månd	Ersland	Yngres 19:00
11.11.	tysd	Ersland	Ev. Orientmisj. BE-gjengen
13.11.	torsd	Kyrkja	Babysong 10:30 – 12:00
13.11.	torsd	Kyrkja	Barnakor 17:00-17:45
13.11.	torsd	Kyrkja	Ta vare på deg sjølv
14.11.	fred	Isvik	Misjonsmessa – fest 19:00
15.11.	laurd	Isvik	Misjonsmessa 11:00
18.11.	tysd	Austrheim	NMS Misjonsselsk.
19.11.	onsd	Kyrkja	Tripp-Trapp 10:30-12:00
20.11.	torsd	Ersland	Bønemøte
23.11.	sund	Kyrkja	Gudst. G17 /s.skule 17:00
24.11.	månd	Ersland	Yngres kl 19:00
25.11.	tysd	Isvik	Norsk Gideon
27.11.	torsd	Kyrkja	60 + kl.14:00-16:00
27.11.	torsd	Kyrkja	Barnakor 17:00-17:45
28.11.	fred	Austrheim	Grautfest kl 18:30
29.-30.11.		Kyrkja	Lys Vaken 5.klasse
2.12.	tysd	Ersland	Normisjon
3.12.	onsd	Kyrkja	Tripp-Trapp 10:30-12:00

Øvre Vats bedehus

23.10.	torsd	Møte med Halvard Hasseløy
		Ukraina innsamlinga
5.11.	onsd	Møte Indre sjøm.misjon
26.11.	onsd	Møte m. kristen muslimmisjon

Kyrkjetunet - Ølen

24.10.	fred	kl. 19:30	Møte med Israelsmisjonen
26.10.	sønd	kl. 11:00	Show-it
8.11.	laurd		Julemesse NMS
15.11.	laurd	kl 10:00	Seminar dag m/Alice Surland og Ola Ohm
16.11.	sønd	kl 19:30	Songkveld med Ola Ohm
20.11.	torsd	kl 19:30	Møte med Kørner Høie

Kårhus bedehus

29.10.-2.11(onsd-ut veka)		Møter Misjonssambandet
19.11.	onsd.	Møte D.n.Misjonsselskap
6.12.	laurd.	kl. 12:00 Adventssamling/juleverkstad

Vikebygd bedehus

23.10.	torsd.	Ukrainainnsamling/Møte i Vats
25.10.	laurd.	kl. 15:30 Laurdagsklubb for born
8.11.	laurd.	kl. 15:30 Laurdagsklubb for born
13.11.	torsd.	Filmkveld
22.11.	laurd.	kl. 15:30 Laurdagsklubb for born
27.11.	torsd.	kl. 19:30 Gideon, møte v. Josef Nilsen.
6.12.	laurd.	kl. 15:30 Laurdagsklubb for born
11.12.	torsd.	kl. 19:00 Adventsmøte v. Georg Kallevåg, Indre sjøm.

Fellesmøter i Imsland, Vikedal og Sandeid

12.11.	onsd.	kl. 19:30 Imslandsjøen bedehus
13.11.	torsd.	kl. 19:30 Vikedal kyrkje
14.11.	fred.	kl. 19:30 Sandeid bedehus

Tale av Dagfinn Natland Song av Torvald Kjetilstad. I Vikedal kyrkje blir det også song av KM-karane frå Etne. Kollekt til Norsk Luthersk Misjonssamband. Alle er velkomne.

Møteplan for Vågen bedehus

26.10.	Sund.	Sundagskaffi kl. 16:00
28.10-09.11.		Fellesmøteaksjon (Ølen kyrkje)
02.11.	Sund.	Familiemøte m/sundagsskulen kl. 11 (Ølen kyrkje)
12.11.	Onsd.	Bønnemøte kl. 19:30
16.11.	Sund.	Sundagsskule kl. 11:00
16.11.	Sund.	Sundagskaffi kl. 16:00

19.11.	Onsd.	Bønnemøte kl. 19:30
22.11.	Laurd.	Bedehuset si julemesse kl. 11:00-14:30 (på skulen)
23.11.	Sund.	Sundagsmøte kl. 19:30 v/Samemisjonen
26.11.	Onsd.	Bønnemøte kl. 19:30
29.11.	Laurd.	Bokmesse (Indremisjonssamskipnaden)
30.11.	Sund.	Sundagsskule kl. 11:00
30.11.	Sund.	Sundagsmøte kl. 19:30 (NLM)
03.12.	Onsd.	Bønnemøte kl. 19:30
07.12.	Sund.	Adventsmøte kl. 19:30 (NLM)

Ungdomsklubben - Bedehuskjellaren i Vikedal

Torsdag 5.-7. klasse kl. 18:00-20:00	Fredag 8. klasse og oppover kl. 19:00-23:00
6. november	7. november
20. november	21. november
4. desember	5. desember

NMS Misjonsmesse for Skjold og Vats

På Isvik Bedehus fredag 14. og laurdag 15. november. **Fredag:** Misjonssfest kl 19.00. Andakt v/ Gunvald Bjotveit. Song av "Loftsmusikken" frå Åkra. Varmrett, åresal m.m. **Laurdag:** Familiemøte kl. 11.30. v/ Astrid Helene Rossebø. Song av Skjold barnekor. Kafé og åresal. Sal av handarbeid og heimebakst startar rett etter familiemøtet. Åretrekning og hovudtrekning.

Adventsleirar på Stemmesteden

Adventsleir 1 den 21. - 23. november: for 2. - 5. klasse (født 03-06)

Adventsleir 2 den 5. - 7. desember: for 5. - 7. klasse (født 02-04)

På adventsleir er det samlingar der me syng, høyrer om Jesus, ber i lag, har ulike aktivitetar og leiker. Der er juleverkstad der alle kan få laga seg noko til jul anten til seg sjølve eller til presang. I tillegg er der kiosk, og me kosar oss ilag med spel, prat og blir kjent med nye venner. Blir det snø, kan me laga snømann? Håpar du og blir med! **Påmelding: Epost:** leir.rogaland@normisjon.no med fullt namn, adresse og fødselsdato til deltakar, telefon til føresette, e-postadresse og kva leir påmeldinga gjeld.

Les meir på heimesida: acta.as/rogaland. Spørsmål:

leir.rogaland@normisjon.no eller kontakt Kjersti H. Bjerga (982 16 175)

Fellesmøte i Ølen kyrkje

Kristne forsamlingar i bygdene våre går saman om felles møteserie for Ølen, Ølensvåg og Bjoa: Kyrkjetunet, Ølen sokneråd, Ølen Misjonslag, Vågen bedehus, Lundeneset, Bjoa bedehus, Bjoa sokneråd og Bjoa Misjonsmenighet. Mykje god og variert song og musikk frå lokale songkrefter. Talarar er Magne Birkedal frå Stavanger og Per Tveten (songevangelist) frå Bamble. Begge har bakgrunn frå Misjonssambandet. Bevertning etter møta. Tilrettelagt for samtale og forbøn.

Transport til møta? Kontakt:

Ølensvåg: Lars Dalen, Tlf.: 982 86 826.

Bjoa: Ivar Halvorsen, Tlf.: 917 46 420

Program:

Tysdag	28. oktober	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Onsdag	29. oktober	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Torsdag	30. oktober	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Fredag	31. oktober	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Laurdag	1. november	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Sundag	2. november	Gudsteneste	Bjoa kyrkje kl. 1100
Sundag	2. november	Familiemøte	Ølen kyrkje kl. 1600
Onsdag	5. november	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Torsdag	6. november	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Fredag	7. november	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Fredag	7. november	Ung Messe	Ølen kyrkje kl. 2130
Laurdag	8. november	Kveldsmøte	Ølen kyrkje kl. 1930
Sundag	9. november	Familiemøte	Ølen kyrkje kl. 1600

Vokalgruppa Amateur
held konsert i Skjold kyrkje
allelhelgensdag, søndag 2. november kl. 19
Inngangspengar. Vel møtt!

Arr.: Kulturutvalet i Skjold sokneråd

BARNAS-SIDE




Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Fargelegg



Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Asbjørn Tønnesen



På konsert i pysj!

Av Gunnar Listog

Om lag 70 pysjkledd smårollingar saman med mor og/eller far fann vegen til Skjold kyrkje for godnattsong ein torsdagskveld i september. Dei fleste låg eller sat på madrassar. Truleg var det og nokon som dubba av litt.

Det vart ei godstund både for liten og stor. Born lærde, dei vaksne kanskje både lærde og mimra litt då Ingelinn Strømme Sivertsen stemde i med songar

som "Blåmann, Blåmann", "Trollmors voggessong" eller "Kjære Gud". Mange song med.

Tanken med konserten var å gje småbarnsforeldre inspirasjon og lyst til å ha godstunda på sengekanten med sine små. Det er ei stund for nærleik, her skapast tryggleik, her såast spirer til seinare livsverdiar. Kven har ikkje sovna trygt etter songen "Kjære Gud, eg har det godt"! Slike stunder kan og skal ikkje erstattast av ein kald skjerm.



Til tider var konserten til å sovna av!